



RMFK v/ Trond Eirik Helland

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1215 - 14/6761

Saksbehandlar:

Monika Soltveit Gabrielli

monika.gabrielli@radoy.kommune.no

Dato:

18.06.2014

Bestilling av halltid for hausten 2014 og våren 2015

Viser til dykkar søknad om halltid for skuleåret 2014/15, og vil med dette stadfeste at de har fått følgjande:

Måndagar: 18.00-20.00

Onsdagar: 17.00-20.00

Torsdagar: 17.30-18.30

Søndagar: 18.00-21.00

Oldboys har fått eget brev.

Vedtaket er gjort på møte der Radøy Idrettsråd og Radøy kommune v/kultur- og sørvistorget og vaktmeister deltok.

Radøy kommune og fotballklubben har vore i dialog om fakturering etter bestilling, eller fakturering etter oppsett til i RMFK sin eigen kalender. Radøy kommune kan gjerne bruka RMFK sin kalender som grunnlag, og me vil forsøka å få den implementert i vår eigen. Me rår til at de gjev melding seinast 14 dagar før, eller endrar det i dykkar eigen kalender, dersom ei trening går ut. Det gjeld også treningar i haust-, jule-, vinter- og påskeferien. Då vert dette trekt i frå med ein gong fakturagrunnleget vert skriven ut.

Radøy kommune er ansvarleg for tryggleiken til dei som oppheld seg i hallen til ei kvar tid. Me vil difor inkalla alle gruppene som trenar i hallen til gjennomgang av nye tryggleik- og branninstruksar. Invitasjon vert sendt til den som har tinga halltid/kontaktperson, så gjev beskjed om de heller vil at inkallinga vert sendt direkte til dei andre. Det er viktig at det er personar tilstades som har fått gjennomgang i hallen til ei kvar tid.

Me ser fram til eit fortsatt godt samarbeid om våre felles hall. God sommar ☺

Med helsing

Monika Soltveit Gabrielli

konsulent kultur- og sørvistorget

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

RMFK v/ Trond Eirik Helland